



Stranda kommune  
Øyna 13  
6200 STRANDA

STRANDA KOMMUNE	Saksb. TERSYS
13 FEB 2018	
Arkivsak 17/1403-7	Journalp. 18/1599

## Stranda kommune

### Detaljregulering - Reguleringsplan gangveg ved Sløgstadmarka

### Fråsegn til varsel om oppstart

Det er varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for gangveg langs fv.60 ved Sløgstadmarka. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for gangveg på strekninga frå eksisterande gangveg i nord til detaljreguleringsplan for Korsbakken i sør. I gjeldande kommunedelplan for Stranda sentrum ligg planområdet innanfor føremål LNF og samferdsle. Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Barn og unge

Vi stillar oss positive til å gjere strekninga tryggare for mjuke trafikantar, inkludert barn og unge.

#### Støy

Ved utbetring av eksisterande veg skal det som hovudregel gjennomførast støyutgreiing og eventuelle avbøtande tiltak. For reine miljøtiltak og gang- og sykkelvegtiltak som ikkje endrar støytilhøva treng ikkje dette alltid å vere eit krav. Derimot bør det alltid gjerast støyutgreiing og avbøtande tiltak når støyfølsame bygningar ligg i raud støysone. Vi viser her til kapittel 7.1.5 i «Veileder til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) (M-128) og ber om at støytilhøva i reguleringsplanen avklarast.

#### Samfunnstryggleik

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6.

#### Konklusjon

Vi er positive til trafikktryggleikstiltaket. Vi viser elles til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)  
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde